



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8380 - 21/74426

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.11.2021

Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 463/3 Marås

Tiltak: dispensasjon - arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 463/3
Tiltakshavar: Atle Ohnstad

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføre mål LNF-spreidd bustad område i kommunedelplan for Radøy. Søknad om dispensasjon vart motteke 29.09.2021.

Formålet med søknaden er makebyte av omlag 850m² mellom gbnr 463/3 og 9. Storleiken på arealet er rekna ut etter motteke situasjonsplan. Arealet på gbnr 463/9 er oppgjeve til 2076.6 m² i matrikkelen. Arealet som vert søkt overført frå bnr.3 er teke i bruk av bustadeigedomen, gbnr 463/9, til mellom anna hage og garasje. Det er same eigar på begge eigedomane.

Grensene for gbnr 463/9 er ikkje oppmålte. Det synest derfor som om arealet oppgjeve i matrikkelen er for stort. Rekna ut etter måla i skyldelinga er arealet på gbnr 463/9 omlag 1650m².

Ut frå korrigererte grenser etter mål i skyldeling for gbnr 463/9 vert omsøkt arealoverføring omlag slik:

Gbnr 463/3 gjev frå seg omlag 780m²
Gbnr 463/9 gjev frå seg omlag 330m²
Netto frådeling frå bnr.3 vert då omlag 450m².




Oversikt. Ortofoto 2020.



- Raud strek: Matrikkelgrenser i dag
- Svart strek: Korrigert etter mål skylddeling
- Blå strek: Omsøkt arealoverføring

Arealet er registrert som skog, fulldyrka jord og bebygd i NIBIO sitt gardskart. Omlag 260m² er registrert som fulldyrka jord.



Frå Gardskart

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål for spreidd bustad, framtidig.



Utsnitt av kommunedelplan for Radøy

Dispensasjon

Kommunen skal vurdere saka. Mellom anna skal kommunen vurdere om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt og kva for konsekvensar tiltaket kan ha.

Det er søkt om overføring av netto ca. 450 m² frå gbnr 463/3 til gbnr 463/9 for bringa grensene i samsvar med faktisk bruk.

Viser til vedlagt søknad i sin heilheit.

